

Lyssiv og knappsiv (Juncus sp.)

Brukt til veike i oljelampar



Lyssiv og knappsiv vart kalla veikjegras i Indre Sogn.
Foto: Anna Lena Andersen

TIDLEGARE BRUK

Lyssiv har fått namnet sitt fordi margen tidlegare vart brukt til veike i tranlampar. Lyssiv var **salsvare i Sogn**. Det var borna sitt arbeid å laga veike.

Margen vart retta ut og tørka godt. Dei stakk så den eine enden ned i olja og tende den andre enden når veiken var gjennomtrekt med olje.

Borna brukte og stråa til **flettearbeid**: små korger, stolar, svaner og andre leiker.

PRØV Å LAGA VEIKE

Først må du finna planta og plukka eit strå. Du opnar strået på langs med naglen. Skrap ut margen frå rota mot tuppen av strået.

FAKTA

Lyssiv og knappsiv står ofte att som tuer på beitemark fordi dyra ikkje et dei.

Dei veks på vassjuk, oksygenfattig jord og har ein indre porøs marg som luftesystem.



Knappsiv har tettare blomsterstand enn lyssiv.